



KUNNSKAP FOR FRAMTIDAS HAV

Havforskningsinstituttets strategi 2024–2028



Framtidas hav

- gir oss mat, fornybar energi og helse
- tek opp CO2 og regulerer klimaet
- inspirerer oss og gir oss identitet

Innleiing

Havforskningsinstituttet fyller 125 år halvvegs ut i den nye strategiperioden. Desse langt over hundre år med havforskning gir oss eit solid fundament å stå på. Det trengs no som endringane kjem raskare og vi får stadig kortare tid på å omstille oss. Vilje og evne til endring går som ein blå tråd gjennom den nye strategien vår.

Som kunnskapsinstitusjon har vi alle føresetnader for å lykkast: kreative, kloke medarbeidarar som blir motiverte, ikkje berre av jobben dei gjer, men av HI sitt samfunnsoppdrag.

Havforskningsinstituttet har gjennomgått ei rivande utvikling, og er i dag eit av Europas største marine forskingsmiljø. Så erfarer vi òg at samfunnsutfordringane blir meir komplekse, og at langt fleire oppgåver skal løysast for dei same eller kanskje til og med færre ressursar enn i dag. Vår nye strategi hjelper oss å navigere framover. Den set retning for korleis vi skal løyse samfunnsoppdraget vårt med dei midla vi til ein kvar tid har til rådvelde – samtidig som vi griper moglegheitene som oppstår.

Vi skal strekkje oss for å få ned fotavtrykket på klima og natur; også i eigen verksemd. Innovasjon og teknologi blir enda viktigare verktøy både i den daglege drifta og når vi set kursen mot framtidens hav. Når vi effektiviserer verksemda og spissar strategien, frigjer vi også nokre ressursar. Dei skal pløyast inn i framtidsretta utvikling. Det er her vi skal drive nybrottsarbeid, pilotstudium og nysgjerrighetsdrivne aktivitetar. Ambisiøse mål, høy fagleg kvalitet i alle ledd og kontinuerleg vitskapeleg publisering er viktig for at vi lykkast. Desse satsingane er også ein føre-

Havforskningsinstituttet skal være eit leiande marint forskingsinstitutt som det er knytt høg tillit til, og som leverer kunnskap, rådgeving og datatenester av høg kvalitet, betydning og relevans. Våre kjerneområde er fiskeri, akvakultur, sjømat og økosystempåverknad.

setnad for å nå målet om at vi skal auke vår eksterne forskingsportefølje.

For å oppnå reine og rike hav og kystområde, krevst det ein klar aksept av naturens eigenverdi. Vårt arbeid med heilskapleg havforvaltning tek vare på denne dimensjonen, og gir Noreg eit godt utgangspunkt for å oppfylle sin del av naturavtala. Vi skal vidareutvikle kunnskapsstøtta til global utvikling i tråd med resten av instituttet si satsing på heilskapleg økosystemforvaltning.

Dei store utfordringane må løysast på tvers av sektorar, landegrenser og verdshav. Vi har valt å kalle dette aktørlandskapet for økosystemet. Den tradisjonelle forståinga av omgrepet er kjent og kjær for oss. I overført betydning famnar økosystem breiare og illustrerer betre alle dei samanhengar, nivå og koplingar som kjenneteiknar verda av i dag. Vi skal utnytte denne dynamikken til utvikling internt og i søken etter nye aktørar og arenaer for samarbeid. Så er vi oss særleg bevisste vårt ansvar for å finne riktig vektning mellom HI sine kjerneleveransar og den innsatsen framtidens hav vil krevje av oss. Og – ikkje minst – kva kommande generasjonar vil ønskje av oss.



Menneske i midten: MEDARBEIDARANE ER VÅR VIKTIGASTE RESSURS

Vi skal:

- vere ein smidig og lærande organisasjon i stadig utvikling
- fremme tverrfagleg samarbeid av høg kvalitet, heilskapstenking og mobilitet
- bygge felles forståing av og vidareutvikle samfunnsoppdraget vårt




Samfunnsrelevans og tillit: FORSKING OG OVERVAKING FOR FRAMTIDAS BEHOV

Vi skal bidra med kunnskap og råd til:

- eit berekraftig, grønt skifte nasjonalt og globalt
- god sameksistens mellom eksisterande og nye marine næringar
- beste praksis for heilskapleg økosystemtilnærming og risikovurderingar





Effektive og framtidsretta: VI AUKER INNOVASJONSTAKTEN

Vi skal:

- bruke ny teknologi til datafangst, integrering og modellering
- dele våre data og gjøre dei tilgjengelege for alle – overalt
- sikre forskingsinfrastruktur av høg internasjonal standard
- utvikle miljøvennleg fangst- og havbruksteknologi som også fremjar dyrevelferda



Vår plass i økosystemet:

DEN FORETRUKNE KUNNSKAPSLEVERANDØREN FOR HAV

Vi skal:

- styrke våre nasjonale og internasjonale kunnskapsnettverk og søkje nye samarbeid
- auke dialogen med sektorar og næringar
- tiltrekke oss meritterte forskarar og dyktige studentar frå Noreg og resten av verda